

Olje- og energidepartementet  
Akersgata 59  
0033 Oslo

## **Høyringsfråsegn til Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) for Bergen og omland**

Naturvernforbundet Nordhordland (NVN) har desse merknadene:

### **Planane om elektrifisering av norsk sokkel må skrinleggjast**

For å elektrifisera oljeinstallasjonane frå Kollsnes og Lindås legg KVU til grunn eit behov frå mellom 400 til 900 MW innan 2030.

Ferske analysar frå olje- og energidepartementet (OED), referert i Aftenposten 10.11.20, tyder på at elektrifisering vil verta dyrt og ha usikker klimaeffekt. Det vert slått fast at elektrifisering vil gje dyrare straum til forbrukarane og landbasert industri.

Skrinlegging av planane om elektrifisering vil føra til mindre behov for eit tredje luftspenn og kan frigjera straum til grøn industri i Nordhordland. Spenningsoppgradering i staden for luftledning kan då vera eit godt alternativ.

### **Middelsscenarioet for auka industriforbruk kan oppfyllest utan ei tredje luftledning**

KVU tilrår å leggja seg på middelsscenarioet, dvs. ein auke frå 700 MW til 1400 MW for industriforbruket under Kollsnes og Lindås stasjonar fram mot 2030.  $\frac{1}{3}$  skal då gå til elektrifisering av sokkelen;  $\frac{2}{3}$  til landbasert industri.

Mykje av industrisatsinga på land vert flagga som «grøn», mellom anna datasenteret på Matre, hydrogenproduksjon på Mongstad, landbasert oppdrett i Sløvåg og batterifabrikk i Austrheim. Det innmelde behovet for straum er stort, men som Statnett sjølv skriv i KVU, ikkje alle prosjekta er like modne eller realistiske. Til dømes har iflg. Fædrelandsvennen 23.01.21 20-30 aktørar meld seg på i kampen om batterifabrikken.

Om middelsscenarioet vert lagt til grunn og planane om elektrifisering av norsk sokkel vert skrinlagde, er det grunn til å tru at «grøn» industri i Nordhordland kan forsynast med straum utan bygging av ei tredje 420 kV-leidning, men gjennom ei oppgradering av eksisterande 300 kV-leidningar og tiltak i regionalnettet.

Om det likevel blir behov for ei tredje linje til Kollsnes, må ho kablast.

### **Fleire alternative konsept må vurderast på nytt**

Både alternativ til nett og mindre tiltak i eksisterande nett må vurderast på nytt som aktuelle løysingar.

Som alternativ til nett er det naudsynt å sjå nærare på forbrukssida og då særleg den kostesame og lite effektive elektrifiseringa av oljeinstallasjonane i Nordsjøen. Vi er overraska over at denne problemstillinga i så liten grad vert diskutert i KVU, i sær sidan ho får store konsekvensar for dei konseptane som blir valde på land. Naturvernforbundet Nordhordland vil difor be om ei overordna drøfting av elektrifiseringsspørsmålet i det vidare arbeidet. Likeeins bør energieffektivisering få ein meir sentral plass.

På produksjonssida bør det vurderast ikkje å stenga Energiverk Mongstad i 2021, som planlagd. Dagens produksjon på om lag 90 MW kan utvidast. Det vil gje verdfulle bidrag til den lokale kraftmarknaden i Nordhordland med kortreist straum. Føresetnaden må vera fangst, m.a. til algeproduksjon, og lagring av CO<sub>2</sub>-utsleppa frå gasskraftverket.

BKK driftar regionalnettet i Nordhordland og store delar av Bergen og omland. Oppgradering og mindre tiltak i regionalnettet bør derfor vurderast på nytt saman med oppgradering av transmisjonsnettet, i alle høve i første fase av utbygginga.

### **Ny 420 kV luftleidning vil få store negative miljøkonsekvensar**

KVU er tydeleg på ei ny luftline, anten frå Modalen eller Samnanger, vil få «stor negativ» miljøkonsekvens. Spenningsoppgradering vert sett til «middels negativ» konsekvens, mindre tiltak i nett til «liten negativ» og alternativ til nett til «neglisjerbar» miljøkonsekvens.

Når det gjeld luftleidning versus spenningsoppgradering, konkluderer KVU slik:

«Fullstending spenningsoppgradering har mindre negative konsekvenser for natur og miljø enn ny forbindelse fra Samnanger eller Modalen.»

**Naturvernforbundet Nordhordland vil motsetja seg dramatisk nedbygging av natur slik det skjedde med hardangermastene og mastene gjennom Nordhordland frå Modalen via Mongstad til Kollsnes. Ei tredje luftlinje vil auka den samla belastninga på regionen til det uakseptable, ikkje minst fordi det kan bety mykje fjordkryssing.**

Når det finst akseptable alternativ til ny 420 kV luftleidning, bør dei veljast først, dvs. skrinlegging av elektrifisering av Nordsjøen, oppgradering av regionalnettet og i siste instans spenningsoppgradering av det eksisterande transmisjonsnettet. Vidare drift av Energiverk Mongstad bør òg vurderast, men då med CCS. Om det likevel blir snakk om ei ny tredje linje til Kollsnes, må ho kablast.

Den grønaste energien er likevel den vi ikkje brukar. Energieffektiviserande tiltak må difor koma på toppen og vurderast som reelt alternativ til kravet om meir straum i nettet.

Jan Nordø  
leiar  
Naturvernforbundet Nordhordland